

Årsmelding for klagenemnda i Hordaland 2019

1. Innleiing

Klagenemnda i Vestland legg her fram årsmeldinga for arbeidet i klagenemnda Hordaland i 2019.

Heimel for klagenemnda.

Klagenemnda er oppretta av fylkestinget med heimel i forvaltningslova § 28, 2. ledd. Klagenemnda si kompetanse er tildelt gjennom reglement vedteke av fylkestinget i Hordaland i sak 37/95.

Oppgåver.

Klagenemnda har til oppgåve å handsame klager på enkeltvedtak fatta av fylkeskommunalt organ, med unntak av fylkestingsvedtak. Kommunaldepartementet er klageorgan over enkeltvedtak fatta av fylkestinget. Enkeltvedtak er vedtak som generelt eller konkret er avgjerande for rettar og pliktar til ein eller fleire personar.

Kompetanse

Klagenemnda kan prøve alle sider av det vedtaket som det er klaga over, rettslege spørsmål, sakshandsaminga og forvaltningsskjønnet. Ein skal og ta omsyn til nye omstende og tilhøve som ikkje vart vurdert i samband med førsteinstansen si handsaming.

Klagenemnda handsamar mellom anna klager over vedtak etter veglova der fylkeskommunen er klageinstans. Det følger av at regionvegsjefen høyrer inn under fylkeskommunen i saker som gjeld fylkesvegar. I praksis inneber dette at klagenemnda gjennom åra handsamar ein del klager over vegsjefen sine vedtak i saker som til dømes gjeld avkøyrslar frå fylkesvegane og likeins klager på vegsjefen sine vedtak om dispensasjon frå byggegrense etter veglova.

Sakshandsaming

Handsaminga i klagesaker følgjer forvaltningslova sine reglar om sakshandsaming. Den instansen som har fatta vedtaket skal handsame klagen som førsteinstans og kan ta klagen til følgje eller ikkje, avvise klagen eller omgjere vedtaket. Dersom førsteinstansen ikkje tek klagen til følgje går klagen vidare til klagenemnda.

Overprøving

Klagenemnda sine vedtak kan ikkje overprøvast forvaltningsrettsleg, men etter vanlege prinsipp i norsk rett kan vedtak i klagenemnda og vedtak av departementet overprøvast i rettsapparatet.

2. Samansetjing

Valbolken for Hordaland 2015 – 2019

Medlemer

1. Stig Morten Frøiland - A
2. Brita Toppe - fellesliste 1 - SP/KrF
3. Birgitte Holmefjord Olsen Skibenes – fellesliste 2 - SV/R
4. Iril Schau Johansen - fellesliste 3 - H/V
5. Christoffer Thomsen – Frp (frå 04.10.2017)

Leiar: Stig Morten Frøiland (A)

Nestleiar: Iril Schau Johansen (H)

Varamedlemer

1. Dag Rune Mo – A
 2. Kari Foseid Aakre – A
 3. Kine Bratli Dale – A
-
1. Tor André Ljosland – fellesliste 1 – Sp/KrF
 2. Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim - fellesliste 1 – Sp/KrF
 3. Alexander Fosse Andersen - fellesliste 1 – Sp/KrF
-
1. Solbjørg Marjala – fellesliste 2 – SV/R
 2. Torunn Olsnes – fellesliste 2 – SV/R
 3. Arild Borgen – fellesliste 2 – SV/R
-
1. Eli Aardal Berland – fellesliste 3 – H/V
 2. Torstein Gunnarson – fellesliste 3 – H/V
 3. Nina Jarlind – fellesliste 3 – H/V
-
1. Renate Møgster Klepsvik – Frp
 2. Magne Djuvik – Frp
 3. Gustav Bahun – Frp (frå 04.10.2017)

3. Klagenemnda sine saker i 2019

| Saksnr. | Arkivsak | Sakstittel |
|----------------|-----------------|--|
| PS 5/19 | 2018/87-446 | Klage på tilbakekalling av drosjeløyve. |
| PS 6/19 | 2015/9917-35 | Klage på ikkje godkjent oppmelding til fagprøve. Unnateke frå offentleggjering - § 13, Fvl. § 13 |
| PS 7/19 | 2018/12528-32 | Klage på vedtak om avslag om skuleskyss Unnateke frå offentleggjering - § 13, Fvl. § 13 |
| PS 8/19 | 2015/2797-14 | Klage over vedtak om tilbakekalling av reservedrosjeløyve Unnateke frå offentleggjering - § 13, Fvl. § 13 |
| PS 14/19 | 2015/11601-57 | Klage Transportordninga for funksjonshemma Unnateke frå offentleggjering - § 13, Fvl. § 13 |
| PS 15/19 | 2015/9917-38 | Klage på ikkje godkjent oppmelding til fagprøve |

| | | |
|----------|--------------|---|
| | | Unnateke frå offentleggjering - § 13, Fvl. § 13 |
| PS 16/19 | 2015/9917-39 | Klage på resultat av fagprøve Unnateke frå offentleggjering - § 13, Fvl. § 13 |
| PS 17/19 | 2015/9917-40 | Klage på avvisning av klage på fagprøve Unnateke frå offentleggjering - § 13, Fvl. § 13 |
| PS 18/19 | 2015/9917-41 | Klage på avvikling av fagprøve - formelle feil Unnateke frå offentleggjering - § 13, Fvl. § 13 |
| PS 19/19 | 2015/9917-42 | Klage på avslag om lærekontrakt i yrkessjåførfaget Unnateke frå offentleggjering - § 13, Fvl. § 13 |
| PS 20/19 | 2015/9917-43 | Klage på vedtak på tap om godkjenning som opplæringskontor |
| PS 25/19 | 2019/2774-1 | Klage på avslag på søknad om avkøyrsløse og dispensasjon frå byggjegrensa for gnr 133 bnr 38 og gnr 134 bnr 19 i Lindås kommune. |
| PS 26/19 | 2018/17187-5 | Klage frå Aslaug J. Brekke over SVV sitt vedtak om avslag på krav om attendetrekking av avkøyrsløse gbnr 12/1174 i Marikoven i Askøy kommune. |
| PS 27/19 | 2019/967-4 | Kvam herad, gnr 19 bnr 319 - klage over Statens vegvesen sitt vedtak av 14.12.18. |
| PS 28/19 | 2019/10555-2 | Klage over Statens vegvesen sitt vedtak av 09.04.19 i høve søknad om utvida bruk av avkøyrsløse for gnr 21 bnr 443 i Bergen kommune. |
| PS 29/19 | 2015/2797-86 | Klagesak - klage på avslag om endring av vilkår på drosjeløve R-5004 - Løyvehavar Taxi 1 AS |
| PS 30/19 | 2019/10903-2 | Klage frå Sartor Maskin AS over Statens vedtak av 05.12.18 i høve gnr 43 bnr 94 i Fjell kommune. |
| PS 31/19 | 2019/1222-8 | Klagesak - fritak frå opplæring i kroppsøving Unnateke frå offentleggjering - § 13, Fvl. § 13 |
| PS 32/19 | 2015/1160159 | Klager transportordninga for funksjonshemma Unnateke frå offentleggjering - § 13, Fvl. § 13 |
| PS 33/19 | 2017/15794-7 | Klage på skriftleg advarsel i arbeidsforhold. Unnateke frå offentleggjering - § 13, Fvl. § 13 |
| PS 34/19 | 2019/603-26 | Klage på tilbakekalling av drosjeløve Unnateke frå offentleggjering - § 13, Fvl. § 13 |
| PS 35/19 | 2015/9917-50 | Klage på formelle feil ved avvikling av fagprøve Unnateke frå offentleggjering - § 13, Fvl. § 13 |
| PS 40/19 | 2019/11819-3 | Askøy kommune, gnr 12 bnr 1448 og 1482 - klage over vedtak om oreigning. |

| | | |
|----------|---------------|--|
| PS 41/19 | 2018/14702 | Klagesak - Odda Taxilag AS sin klage av 25. februar 2019 over fylkesutvalgets tildeling av ruteløyve til Taxi/Bus Odda AS av 31. januar 2019 for strekningen Skjeggedal-Tyssedal-Odda. |
| PS 42/19 | 2019/12358-3 | Klage over ekspropriasjon av gnr 12 bnr 444 i Askøy kommune. |
| PS 43/19 | 2015/9917-53 | Klage på formelle feil ved avvikling av fagprøve. Unnateke frå offentleggjering - § 13, Fvl. §13 |
| PS 44/19 | 2015/9917-54 | Klage på formelle feil ved avvikling av fagprøve. Unnateke frå offentleggjering - § 13, Fvl. §13 |
| PS 45/19 | 2015/9917-55 | Klage på formelle feil ved avvikling av fagprøve. Unnateke frå offentleggjering - § 13, Fvl. §13 |
| PS 46/19 | 2015/9917-56 | Klage på formelle feil ved avvikling av fagprøve. Unnateke frå offentleggjering - § 13, Fvl. §13 |
| PS 47/19 | 2015/9917-57 | Klage på formelle feil ved avvikling av fagprøve. Unnateke frå offentleggjering - § 13, Fvl. §13 |
| PS 48/19 | 2015/9917-58 | Klage på formelle feil ved avvikling av fagprøve. Unnateke frå offentleggjering - § 13, Fvl. §13 |
| PS 49/19 | 2015/9917-59 | Klage på formelle feil ved avvikling av fagprøve. Unnateke frå offentleggjering - § 13, Fvl. §13 |
| PS 50/19 | 2018/459-17 | Klage på avslag om tilrettelagt skoleskyss Unnateke frå offentleggjering - § 13, Fvl. §13 |
| PS 51/19 | 2015/9917-52 | Klage på avslag på søknad om å ta fagprøve som praksiskandidat. Unnateke frå offentleggjering - § 13, Fvl. §13 |
| PS 52/19 | 2019/11103-6 | Klage på avslag på søknad om dispensasjon frå krav til løyve. Unnateke frå offentleggjering - § 13, Fvl. §13 |
| PS 57/19 | 2019/2932-3 | Klage over Statens vegvesen si avvisning av handsaming av søknad frå Anna Alrek. |
| PS 58/19 | 2015/11601-62 | Klagesaker -Transportordninga for funksjonshemma. Unnateke frå offentleggjering - § 13, Fvl. §13 |
| PS 59/19 | 2015/11601-61 | Klagesaker -Transportordninga for funksjonshemma. Unnateke frå offentleggjering - § 13, Fvl. §13 |
| PS 60/19 | 2019/16786-2 | Klage over avslag på innsyn Unnateke offentleggjering - OFFL § 23, 3. ledd |
| PS 61/19 | 2019/10705-12 | Klage på vedtak om tilbakekalling av drosjeløyve. Unnateke frå offentleggjering - § 13, Fvl. §13. |
| PS 62/19 | 2018/17128-12 | Klage på vedtak om tilbakekalling av drosjeløyve. Unnateke frå offentleggjering - § 13, Fvl. §13. |

| | | |
|----------|---------------|--|
| PS 63/19 | 2015/9917-68 | Klage på formelle feil ved avvikling av fagprøve i tavlemontørfaget Unnateke frå offentleggjering - § 13, Fvl. §13 |
| PS 64/19 | 2015/9917-69 | Klage på formelle feil ved avvikling av fagprøve i dataelektronikarfaget Unnateke frå offentleggjering - § 13, Fvl. §13 |
| PS 65/19 | 2015/9917-70 | Klage på resultat av fagprøve. Unnateke frå offentleggjering - § 13, Fvl. §13 |
| PS 66/19 | 2015/9917-71 | Klage på formelle feil ved avvikling av fagprøve i helsearbeidarfaget Unnateke frå offentleggjering - § 13, Fvl. §13 |
| PS 67/19 | 2015/9917-72 | Klage på formelle feil ved avvikling av fagprøve – logistikkfaget Unnateke frå offentleggjering - § 13, Fvl. §13 |
| PS 68/19 | 2015/9917-73 | Klage på formelle feil ved avviklinga av fagprøve – Helsearbeiderfaget Unnateke frå offentleggjering - § 13, Fvl. §13 |
| PS 73/19 | 2019/17873-2 | Klage over avslag på søknad om dispensasjon frå byggjegrænse for gnr 43 bnr 600 i Fjell kommune |
| PS 74/19 | 2019/10903-7 | Klage frå Sartor Maskin AS over Statens vegvesen sitt vedtak av 05.12.18 i høve gnr 43 bnr 94 – tilleggssak |
| PS 75/19 | 2015/9917-80 | Klage på formelle feil ved avvikling av fagprøve Unnateke frå offentleggjering - § 13, Fvl. §13 |
| PS 76/19 | 2017/15794-9 | Klagesak - Vurdering av skriftleg advarsel Unnateke frå offentleggjering - § 13, Fvl. §13 |
| PS 77/19 | 2015/11601-65 | Klagesaker -Transportordninga for funksjonshemma. Unnateke frå offentleggjering - § 13, Fvl. §13. 1 |
| PS 78/19 | 2015/11601-66 | Klage på vedtak om avslag på søknad om forhøga kvote - Transportordninga for funksjonshemma Unnateke frå offentleggjering - § 13, Fvl. §13. |
| PS 79/19 | 2019/13113-42 | Klage på avslag på søknad om sidevegskyss/skuleskyss - Skuleåret 2019-2020 Unnateke frå offentleggjering - § 13, Fvl. §13. |
| PS 80/19 | 2019/10929-9 | Klage på tilbakekalling av drosjeløyve Unnateke frå offentleggjering - § 13, Fvl. §13 |
| PS 81/19 | 2019/6570-13 | Klage på tilbakekalling av drosjeløyve Unnateke frå offentleggjering - § 13, Fvl. §13 |
| PS 82/19 | 2019/10930-10 | Klage på vedtak om avslag på søknad om unntak frå yrkestransportforskrifta § 45, og tilbakekall av drosjeløyve Unnateke frå offentleggjering - § 13, Fvl. §13 |

| | | |
|----------|---------------|---|
| PS 83/19 | 2015/11601-67 | Klage på avslag på søknad om forhøga kvote på TT-kort Unnateke frå offentleggjering - § 13, Fvl. §13 |
| PS 87/19 | 2017/15794-9 | Klagesak - Vurdering av skriftleg advarsel Unnateke frå offentleggjering - § 13, Fvl. §13 |

4. Samandrag

Klagenemnda har i 2019 hatt 7 møter. Klagenemnda har handsama 76 klager fordelt på 59 saksnummer.

Årsaka til at det er større tal klager enn saker er at fleire klager er handsama i ei sak. Dette gjeld i hovudsak klager i samband med transportordninga for funksjonshemma. I tillegg kjem behandlinga av årsmeldinga, slik at totalmengde saker er 77.

Klagene fordeler seg på ulike sektorar, som er samferdsle (transportordning for funksjonshemma, skuleskyss og løyve), opplæring (skule og fagopplæring), skriftleg irettesetjing og saker knytt til vegsektoren (avkøyrlesaker, dispensasjon frå byggegrense og ekspropriasjon). Omlag halvparten av sakene gjeld saker knytt til transportordninga for funksjonshemma og klage på formelle feil ved avvikling av fagprøve.

Totaltalet på klager er noko høgare enn i 2018 kor det totalt var 74 saker til behandling.

5. Kort om dei ulike saksområda som klagene fell inn under

| Område | Tal klagar 2019 (2018) | Klage teke til følge |
|---|------------------------|-------------------------------|
| Transportordninga for funksjonshemma. <ul style="list-style-type: none"> Avslag søknader om TT-kort Søknad om høgare brukarkvote på TT-kort | 22 (26) 2 (1) | 2 1 delvis teken til følge |
| Klage på formelle feil ved avvikling av fagprøve. | 17 (1) | 1 |
| Ikkje godkjent oppmelding til fagprøve / manglande praksis | 3 (1) | 0 |
| Klage på avslag om lærekontrakt i yrkessjåførfaget | 1 | 0 |
| Klage på avslag om fritak i kroppsøving | 1 (1) | 0 |
| Klage på vedtak om godkjenning som opplæringskontor | 1 | 0 |
| Klage på vedtak om avslag på skuleskyss/tilrettelegging av skuleskyss | 3 | 0 |

| | | |
|--|--------------------------|----------------------|
| Tilbakekalling av drosjeløyve | 8 (3) | 1 |
| Klage på avslag som endring av vilkår på drosjeløyve | 2 | 0 |
| Klage på avslag på tildeling av ruteløyve | 1 | 0 |
| Klager vedkommande saker frå vegkontoret: <ul style="list-style-type: none"> • Byggegrense • Avkjørsel • Ekspropriasjon | 3 (4) 3 (15) 2 (2) | 1 1 sendt tilbake |
| Avvising av klage | 3 (1) | 0 |
| Klage på skriftleg irrettesetting | 3 | 1 sendt tilbake |
| Avvising av innsyn | 1 (2) | 0 |

5.1 Samferdsel

a. Transportordninga for funksjonshemma

Talet på klager som er behandla av klagenemnda i 2019 er om lag på same nivå som i 2018.

Innan dette feltet er det klare retningsliner om kva som skal til for å koma med i ordninga. Hovudvurderinga går på om ein er i stand til (ut frå ei medisinsk vurdering) å nytta offentleg transportmiddel eller ikkje og at ein vert å rekna som "grovt forflytningshemma."

Saksgangen i desse klagesakene er at søknaden og legeerklæring, samt klaga vert oversendt 3 legar (som er med i ei legemnd på 6 stykk, 5 legar + ein psykiater). Desse 3 legane vurderer eigen erklæring (søknad), legeerklæring frå søkjaren sin lege og klaga, samt det som elles er dokumentasjon i saka. Legane vurderer ut frå det medisinske om søkjaren er sterkt nok rørslehemma til å tilfredsstillast krava som er nedfelt i retningslinjene for ordninga. Legane kjem med ei tilråding i saka. Finn desse legane at vedkommande etter ei medisinsk vurdering ikkje tilfredsstillast krava til å koma med i ordninga er det svært mykje som skal til før klagenemnda etter ei totalvurdering av saka finn at søkjaren kan godkjennast som brukar. I dei tilfella det vert klaga og det er nye og endra opplysningar i saka, vert vedtaket i dei fleste tilfella omgjort av underinstansen (fylkesdirektør samferdsel). Saka vert då ikkje lagt fram for klagenemnda. Dette er grunnen til at det er få saker som vert omgjort av klagenemnda.

Hovudregelen er at godkjenning vert gjeve for 4 år, eller midlertidig for 2 år. Når godkjenningsperioden er over må det søkjast på nytt.

22 klager har vore til behandling i klagenemnda i 2019. Av desse vart 2 klager tekne til følgje og 1 klage delvis teken til følgje. I tillegg har det vore behandla 2 saker om avslag på søknad om forhøga kvotebeløp.

Pr. 31.12.2019 var det 12198 TT-brukarar i Hordaland, og det var omlag behandla ca. 2721 søknader om godkjenning som brukar til transportordninga i 2019. Dette fordeler seg med ca.60% i Bergen kommune og 40% i dei andre kommunane i Hordaland.

Fylkesdirektør samferdsel har som underinstans omgjort ein del av avslaga, og godkjent søkjarane som brukarar av ordninga, som følgje av nye opplysningar og betre dokumentasjon i klaga. Det har vorte gjeve avslag i ca. 743 saker. Av dei som har fått avslag er det 22 klager som er sendt klagenemnda. Sett i høve til totalmengde søknader er det eit lite tal av søknadane det vert klaga på. Dei som går vidare til behandling i klagenemnda er i hovudsak saker der det ut frå innsendt dokumentasjon ikkje ligg føre opplysningar som tilfredsstillar dei strenge krava som må liggja føre i høve nedsett mobilitet. Saker der klagenemnda har omgjort vedtaket og teke klaga til følgje er i saker der det frå legenemnda har vorte gjeve uttrykk for tvil.

Eit moment som kan vera medverkande til at det er ein liten del av avslaga som vert klaga på, er at mange søker på nytt i staden for å klaga. Det er ikkje noko grense for kor ofte og kor mange gangar ein kan søkja. Har søkeren sin situasjon i høve vilkåra for å koma med i ordninga endra seg, eller søkeren finn å leggja fram ny dokumentasjon vert det sendt ny søknad i staden for å klaga på tidlegare avslag.

b. Drosjeløyve

Når det gjeld saker knytt til løyver var det i 2019 11 saker. Åtte saker gjaldt inndraging av drosjeløyve, to saker som gjaldt avslag på endring av vilkår på løyve og ei sak som gjaldt tildeling av løyve. Talet på saker som er knytt til drosjeløyve er høgare enn det har vore tidlegare år og særleg samanlikna med 2018 kor det vart behandla 4 saker.

5.2 Vegsektoren

I 2019 har sakene vore relatert til søknad om ny avkøyrsløse eller utviding av bruken av avkøyrsløse og dispensasjon frå byggjegrænse.

Talet på saker som vedkjem vegsektoren har vore om lag det same dei siste åra, men har i 2019 vore lågare samanlikna med førre åra. I 2019 har det vore behandla totalt 8 saker kor 3 saker er relatert til byggjegrænse, 3 saker er relatert til avkøyrsløse og 2 saker er relatert til ekspropriasjon. Det er i hovudsak på avkøyrsløse ein ser ein markant nedgang i tal saker samanlikna med 2018.

5.3 Fagopplæring

Saker som har vore til behandling i klagenemnda som gjeld fagopplæring er:

- ikkje-godkjent oppmelding til fag-/sveineprøve p.g.a. manglande praksis,
- avslag på lærekontrakt i yrkessjåførfaget,
- avslag om fritak i kroppsøving,
- oppheving av fag-/sveineprøve grunna formelle feil ved avviklinga av prøven
- ikkje godkjenning som opplæringskontor

I 2019 har talet på desse sakene ikkje vore på same nivå som dei førre åra. Klagenemnda har behandla 23 saker frå fagopplæring. Det er saker relatert til klage på formelle feil ved avvikling av fagprøve som har auka betydeleg. Desse sakene utgjer majoriteten av sakene som har vore behandla og klagenemnda har behandla 17 saker mot 1 sak i 2018. Ei orsak til dette kan vere at ein har hatt større fokus på å skilje mellom klaga på sjølve karakteren og det som går på formelle feil. Klagenemnda handsamar berre utsegn som går på formelle feil knytt til fagprøve og ikkje faglege forhold. Ofte vert det klaga på både faglege og formelle feil i ein og same klage. Det er naturleg at det er karakteren som er i fokus ved stryk på fagprøve, og at ein i første omgang har vurdert dette før ein har retta fokus mot det formelle kring fagprøva.

5.4 Ordensstraff (skriftleg irettesetjing/skriftleg åtvaring)

Skriftleg irettesetjing er eit enkeltvedtak med klagerett. Fylkesrådmannen har ved delegasjon vedteke at den fylkeskommunale klagenemnda skal vera klageinstans for klager ved ilagt ordensstraff(skriftleg irettesetjing/skriftleg åtvaring). Dette vart vedteke i starten av 2015. Det har vore 2 saker som gjeld dette i 2019. Det er gjort tre behandlingar, men ei sak vart sendt tilbake frå klagenemnda for innhenting av meir informasjon før det vart gjort endeleg vedtak i saka.

6. Saksgang og saksbehandlingstid

6.1 Saksgang

Det er enkeltvedtak det kan klagast på. Når vedtaksinstansen får inn klage på eit enkeltvedtak må den som er underinstans sjølv først behandla klaga. Underinstans skal gjere dei undersøkingar som er naudsynt for at saka og det klaga grunnar seg i er så godt opplyst som mogeleg. Underinstans gjer vedtak i saka. Vedtaket kan vera å fasthalda sitt eige vedtak (avslå klaga), oppheva vedtaket eller endra det (gjera nytt vedtak). Dersom underinstans opprettheld sitt vedtak skal saka sendast klagenemnda for endeleg avgjerd.

Klagesaka vert så behandla og førebudd og fylkesrådmannen legg fram sak for klagenemnda. Klagenemnda sitt vedtak er endeleg og kan ikkje klagast på.

6.2 Saksbehandlingstid

Når det gjeld saksbehandlingstida for klagesakene, kan denne delast i to.

- a. Tida frå klagen vert motteken av underinstans til den vert oversendt klagenemnda sitt sekretariat for saksførebuing.

Underinstans skal gjere dei undersøkingar som er naudsynt for at saka og klaga skal vera så godt opplyst som mogeleg. I nokre saker kan dette ta noko tid. Av dei sakene som har vore behandla av klagenemnda i 2019 ligg saksbehandlingstida hos underinstans gjennomsnittleg på ca. 3 månader. Når det gjeld klager knytt til transportordninga for funksjonshemma er saksbehandlingstida noko lenger. Dette som følgje av at ein må innhenta uttale/råd frå klagenemnda.

- b. Tida frå klagesaka vert motteken til behandling og til klagenemnda behandlar saka og vedtak vert fatta.

Klagesaker som vert sendt over til klagenemnda vert behandla i første møte klagenemnda har etter at dei er mottekne av klagenemnda sitt sekretariatet. Saksbehandlingstida er vanlegvis ikkje lenger enn tidsintervallet mellom nemnda sine fastsette møter. Dette er vanlegvis ca. 2 månader. Dersom det er saker som hastar eller det er stor mengd saker vert det innkalla til ekstramøte.

Unntaksvis kan det vera saker som tek lenger tid enn gjennomsnittet. Dette grunnar seg i at sakene er av slik karakter at det tek tid å få fram alle fakta og å setja seg inn i det rettslege grunnlaget. Dette gjeld stort sett komplekse og store saker. Sakene som gjeld vegsektoren kan vera ein slik type sak.